

## Tabell A-fk

### Utgiftsutjamning, fylkeskommunane

Kolonne 9 viser sum utgiftsutjamning for den enkelte fylkeskommune. Utjamninga består av omfordeling som følgje av skilnader i berekna utgiftsbehov (bereken i kolonnane 1–5) og omfordeling som følgje av korreksjonsordninga for statlege og private skular (bereken i kolonnane 6–8). Summen av utgiftsutjamninga er vidare nytta i tabell 2-fk, kolonne 2.

Berekninga av utgiftsutjamninga som blir presentert her er basert på innbyggjartalet per 1. juli 2012, og er dei endelige tala for omfordeling i utgiftsutjamninga i 2013.

#### Kolonne 1 – Indeks for berekna utgiftsbehov

Utrekning av indeks for berekna utgiftsbehov er dokumentert i tabell D-fk. Ein indeks på 1 betyr at fylkeskommunen har eit berekna utgiftsbehov lik landsgjennomsnittet. Ein indeks på 1,1 eller 0,9 betyr at fylkeskommunen har eit berekna utgiftsbehov som er respektive 10 pst. over og 10 pst. under landsgjennomsnittet. Kolonnen er òg vist i tabell D-fk, kolonne 16.

#### Kolonne 2 – Gjennomsnittlig berekna utgiftsbehov per innbyggjar

Utgiftsbehovet for 2012 er på landsbasis berekna til om lag 42,1 mrd. kroner, som utgjer 8 388 kroner per innbyggjar.

#### Kolonne 3 – Berekna utgiftsbehov i kroner per innbyggjar

I kolonne 3 er landsgjennomsnittlig berekna utgiftsbehov (kol. 2) multiplisert med indeks for berekna utgiftsbehov (kol. 1) for kvar fylkeskommune, og vist i kroner per innbyggjar.

#### Kolonne 4 – Omfordeling per innbyggjar i fylkeskommunen

Omfordeling per innbyggjar blir vist i kolonne 4, og kjem fram som differansen mellom kolonne 3 og kolonne 2.

#### Kolonne 5 – Samla omfordeling for fylkeskommunen (1000 kr)

Omfordeling utanom korreksjonsordninga blir vist i kolonne 5, og er rekna ut ved omfordeling i kroner per innbyggjar (kol. 4) multiplisert med fylkeskommunens innbyggjartal per 1. juli 2012 (tabell E-fk, kol. 2).

#### Kolonne 6 – Trekk for elevar i statlege og private skular

Fylkeskommunane får eit trekk i rammetilskotet for elevar som går i statlege og private skular. For ein nærmare gjennomgang av korreksjonsordninga for statlege og private skular, sjå innleiringsteksten i Grønt hefte. Elevtala som ligg til grunn er gjennomsnittet av elevtala ved statlege og private skular per 1. oktober 2011 og 1. april 2012 (tal frå Kunnskapsdepartementet).

Treksatsane per elev for 2012:	
Vanleg undervisning	89 000
Gartner- og landbrukskular	109 000
Spesialskular	251 800
Opphald	266 000

**Kolonne 7 – Tilbakeføring av samla trekk**

Samla trekk for alle fylkeskommunar (landssum, kolonne 6) blir ført attende til den enkelte fylkeskommune etter fylkeskommunen sin del av utgiftsbehovet.

**Kolonne 8 – Nettoverknad av korreksjonsordninga for statlege og private skular**

Kolonne 8 viser nettoverknaden av korreksjonsordninga, dvs. summen av kolonnane 6 og 7.

**Kolonne 9 – Sum utgiftsutjamning**

Utgiftsutjamninga, inkl. omfordeling for elevar i statlege og private skular, kjem fram som summen av kolonne 5 og kolonne 8. Talet blir vidare nytta i tabell 2-fk, kolonne 2, som tillegg/trekk i innbyggjartilskotet.